

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Bergen 31.10.24

Høyringsfråsegn til vilkårsrevisjon og utviding av Røldal-Suldal kraftverk (saknummer 201913014 og 202320330)

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening (DNT) eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Intakt natur og velfungerande økosystemtenester er grunnlaget for gode naturopplevingar, for oss og framtidige generasjonar. Naturforvaltning er difor ein vesentleg del av DNT si kjerneverksemd. DNT vil i det følgjande kommentera samla på revisjonsdokumentet og søknaden om opprusting og utviding av eksisterande kraftverk, med mål om å få eit natur- og friluftsvenleg vedtak i saka.

DNT meiner NVE må ta omsyn til at dei opphavlegelege utbyggingane i Røldal og Suldal innebar særskild store inngrep. Mange av inngrepa ville ikkje vore akseptable i dag. Det bør difor, i revisjon av vilkår, tilstrebast å bøta på skadane frå eksisterande utbygging. Det er liten tvil om at ei utbygging av denne typen, ville vore vanskeleg å få gjennom i dag, og me ventar at NVE prioriterer samfunnsnyttan ved avbøtande tiltak særskild høgt i denne saka.

Søknaden om opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal representerer også betydelege naturinngrep. Likevel ser DNT samfunnsnyttan av O/U prosjekt, og at verdien i form av auka effekt står betre i forhold til skadeverknadene for natur og miljø enn mange andre typar energiprojekt. Generelt er me difor i utgangspunktet positive til at det investerast i O/U-prosjekt framfor ny utbygging av spesielt vann- og vindkraft. Likevel må det også til dette O/U prosjektet stillast strenge krav for å ta omsyn til friluftslivs- og miljøverdiane.

Våre merknader oppsummert

- Verdiane av enkelte friluftslivsområde er, etter DNT sitt skjønn, sett for lågt i fagrapport for friluftsliv. Me ber NVE ta dette med i sine vurderingar.
- DNT er positive til restaurering av vinter-villreintrekket over Holmavassåno.

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



- Ved evt. konsesjon må regulanten påleggast å bidra/dekka meirkostnadane til omlegging av vinterløypa frå Sandvatn til Holmvasshytta.
- DNT meiner senking av LRV i Holmavatnet ikkje kan tillatast, grunna omsynet til ferdsle på isen.
- Det må stillast juridisk bindande krav i ein evt. Konsesjon, som sikrar trygg is på Holmavatnet frå medio desember til medio mai.
- DNT meiner regulanten må påleggast å etablera sikker tilkomst inn Valldalen vinterstid.
- DNT meiner det må setjast magasinrestriksjonar som gjer det mogleg med ferdsle på Votna, vinterstid.
- DNT meiner det må løyvast minstevassføringar, etablerast lokkeflaumar og sikrast gode temperaturtilhøve og kjemiske tilhøve i alle vassdrag, i tråd med det som er praksis i konsesjonshandsaming av nye prosjekt i 2024.

Overordna innspel – samfunnsnyttan i å prioritere natur og friluftsliv

DNT vil minna om at «hovedformålet med en revisjon vil være å bedre miljøforholdene i tidligere regulerte vassdrag»¹. Dette må sjåast i lys av rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)² i 2019 som syner at me står overfor ei global naturkrise, der arealinngrep og medfølgande habitatødeleggingar har vore den viktigaste drivaren. Vidare har Noreg, gjennom den nyleg underskrivne Montreal-avtalen, forplikta seg til å vere med på verne 30% av naturen, restaurere 30% av den naturen me alt har bygg ned, og sikre at all framtidig arealforvaltning vert berekraftig. Vilårsrevisjonar er naturrestaurering, og i denne samanheng er det viktig at NVE nyttar høve til å gjere restaureringar i eit sterkt skada vassdrag. Med minstevassføringar, magasinrestriksjonar og habitatforbetrande tiltak kan ein skapa betre levekår for dei artane som er tilknytt vassdraget, og ein kan tilføra viktige kvalitetar for friluftslivet.

Friluftsliv er ein viktig del av livet til mange menneske. Praktisk talt alle nordmenn (98%) opplyser at dei utøver friluftsliv i løpet av eit år³. Kva den enkelte får ut av friluftslivet varierer, men ein må leggja til grunn at det er knytt til «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse»⁴. I eit samfunnsøkonomisk perspektiv er helseeffektane⁵ av

¹ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/oed/2012-0606_retningslinjer_for_revisjon_25mai_siste.pdf (s.6)

² IPBES (2019): Global assessment report on biodiversity and ecosystem services of the Intergovernmental Science-Policy Platform on Biodiversity and Ecosystem Services. E. S. Brondizio, J. Settele, S. Díaz, and H. T. Ngo (editors). IPBES secretariat, Bonn, Germany. 1148 pages. <https://doi.org/10.5281/zenodo.3831673>

³ Håvard Bergesen Dalen og Madeleine Schlyter Oppøyen (2023). *Friluftsliv i Norge – Status og historisk utvikling*. SSB-rapport 2023/31, s.18.

⁴ St.mld. 18 (2015-2016), s.10

⁵ Antyda utan kausale konklusjonar i Håvard Bergesen Dalen og Madeleine Schlyter Oppøyen (2023). *Friluftsliv i Norge – Status og historisk utvikling*. SSB-rapport 2023/31, s.81-93.

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



friluftslivet spesielt viktig. Naturopplevingar er av betydning for den psykiske helsa⁶, noko som gjer friluftslivet, med sin kombinasjon av fysisk aktivitet og naturoppleving, spesielt viktig for folkehelsa. Tilgjengelege friluftslivsområde er, samane med fungerande økosystem, føresetnaden for å skapa gode naturopplevingar. DNT sine innspel rettar seg difor mot å trygge ålmenta sin tilgang til verdifulle friluftslivsområde, å trygge fungerande ruter for fersdsel, og å verne om naturmangfaldet. Me ber NVE vektlegge dette i revisjon og konsesjonshandsaming.

Merknader, østre del

Innleiing – om Holmavatn og nærliggande rutenett

Holmavatn turisthytte vart bygga i 1959, og stien frå Haukeliseter er innfallsporten frå Ryfylkeheiene nordfrå. Hytta er utvida og ombygga i fleire omgangar, seinast med ei omfattande rehabilitering som er planlagt fullført i 2025. Det er totalt 21 sengeplassar på anlegget, fordelt på hovudhytte og sikringshytte.

Holmavatn er Stavanger Turistforening (STF) si høgastliggende hytte på 1130 moh, og ligg i eit svært attraktivt høg fjellsterreng både sommar og vinter. Eigendomen er ein festekontrakt med grunneigar som vart fornya for 40 år frå 2023.

Besøkande kjem til Holmavatn frå Haukeliseter, Sloaros (Hovden), Bleskestadmoen og Kvanndalen. Hytta har eit høgt besøkstal samanlikna med tilsvarande hytter, noko som skuldast at den vert nytta både til lengre turar nord-sør, og til kortare rundturar frå Hovden til Haukeliseter. Andelen av vintertrafikk er også forholdsvis høg, som ei følge av god tilgjengelegheit og eit attraktivt terreng for høg fjells-skiløping. Spesielt skituren Hovden-Sloaros-Holmavatn-Haukeliseter er populær og bidreg til forholdsvis høge besøkstal i vintersesongen.

Turen Hovden-Haukeliseter er ein attraktiv tur både sommar og vinter, med mogelegheit for kollektivtransport i begge endar av turen. Sjølv om me manglar sikker statistikk, kan ein anta at besøkande frå hytter i Vågslid og Hovden utgjer ein betydelig del av dei besøkande, samt tilreisande frå hele Sør-Norge. I tillegg til gjestene på Holmavatnhytta er det ein betydeleg ferdsel av folk som ligg i telt. Vinterstid er det fullt mogeleg å gå forbi Holmavatn til neste hytte, slik at ferdsele i sum er høgare enn det overnattingstala tilseier. Eksempelvis er det godt kjend at hytta pleier å bli svært full i palmehelga, slik at mange som går påskeskitur vel å gå Haukeliseter-Bleskestadmoen utan overnatting på Holmavatn.

I fagrapport friluftsliv⁷ står det at Holmavatn har 640 overnattingar i snitt siste 10 år. Dette inkluderer år med stenging for oppussing, samt pandemi. STF vil framover forvente eit årleg besøk på 800-1 000 per år (955 i 2023).

⁶ Miløverndepartementet. *Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse Rapport fra det nordiske miljøprosjektet "Friluftsliv og psykisk helse"*, s.70-79.

⁷ Norconsult (2024). Lyse Kraft DA RSK Opprusting og utvidelse Konsekvensutredning Fagrapport friluftsliv



Me vil også gjere NVE merksam på at STF frå 2023 har gått over til å tella overnattingar basert på kor mange som betaler via digitale betalingsløysningar. Til og med 2022 vart det telt manuelt frå besøksprotokollane, men desse vart gradvis mindre presise etter innføring av digitale betalingsløysningar, då mange som har betalt digitalt gløymer å skrive seg inn. Ved ny tellemetode får me høgare besøkstal, som også inkluderer nokon som betaler utan å bruke overnattingane.

For 2022 fordeler besøkande til Holmavatn seg slik, basert på informasjon frå besøksprotokollane:

Holmavatn ↔ Haukeliseter			
	Sommer	Vinter	Total
Antall	445	256	701
Ø per dag	2,08	1,70	1,92
Maks. per dag	23	27	27

Holmavatn ↔ Sloaros			
	Sommer	Vinter	Total
Antall	143	111	254
Ø per dag	0,67	0,74	0,70
Maks. per dag	10	13	13

Holmavatn ↔ Bleskestadmoen			
	Sommer	Vinter	Total
Antall	211	67	278
Ø per dag	0,99	0,44	0,76
Maks. per dag	21	12	21

I tillegg til dette er det i 2022 10 personar på vinter og 65 på sommar som ikkje har oppgjeve tilstrekkeleg informasjon til å identifisera kvar dei har gått frå og til.

Holmavatn-Sandvatnet-Bleskestad får berre middels verdi for friluftsliv i fagrapporten⁸. Dette vert grunngeve mellom anna i at rutenettet «innebærer forholdsvis lange turer, noe som reduserer bruksfrekvensen». Til dette vil me kommentera at området sin karakter av uberørt villmark med liten grad av tilrettelegging nettopp er mykje av verdien for friluftsliv. Samanlikna med tilsvarande områder lenger sør er bruksfrekvensen høg. Tilsvarande hytter langt inn i fjellet lenger sør i Ryfylkeheiene har typisk 3-500 overnattingar per år, og lågare andel vinterstid.

⁸ Ibid.

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



Spesielt vinterstid framstår Holmavatnområdet som svært attraktivt for friluftsliv. Me aksepterer at verdien er sett noko lågare enn Kvanndalen, på grunn av store inngrep, spesielt rundt Sandvatn. Likevel er spesielt Telemarkssida fri for tekniske inngrep og har ein veldig flott gradient frå alpin til høggalpin sone frå holmevann mot Fitjanuten, Vivik-kveven og Vassdalseggen. Dette tilseier at området som heilskap minst bør setjast til stor verdi.

I fagrappport friluftsliv⁹ står det at hytta i Kvanndalen har 60-200 overnattingar, med eit snitt på 125 siste 10 år. Dette inkluderer år med svært dårleg standard og seinare stenging for oppussing, samt pandemi. Me forventar framover eit årleg besøk på 150-200 personar.

I fagrapporten er Valldalen gjeve stor verdi på grunn av området sin funksjon som innfallsport til Hardangervidda. På same måte er området rundt Holmavatn ein innfallsport og knutepunkt nord i Ryfylkeiene, for tilkomst både frå Haukeliseter, Hovden og Bleskestad. Også dette tilseier at området vert gjeve høgare verdi for friluftsliv.

Me vil hevda at Kvanndalen har svært stor verdi for friluftsliv, ikkje stor verdi som lagt til grunn i fagrapporten. Det er eit vilt og urørt dalføre ovanfor dammen, med bratte fjellsider og fossar, med fråvær av inngrep.

Verknader av omsøkt regulering

For den austre delen av prosjektet, er det spesielt auka regulering og usikre isforhold på Holmavatn som kjem i konflikt med natur- og friluftslivinteressene i området.

Det er positivt for både villreintrekk og friluftslivinteresser at det vert lagt opp til å slutta med vintertapping av Holmavassåno.

STF har ikkje sjølv trong for å nytta vegen frå Sandvatn til Holmavatn anna enn unntaksvis. Foreininga si eiga drift vert difor i liten grad ramma om vegen vert tilbakeført. Me forstår imidlertid at enkelte grunneigarar har nytte av vegen. Deira fortsatte utnyttelse og skjøtsel er viktig for ivaretakinga av heile området. Vegen vert nytta også til transport av ved til Holmavatn turisthytte. Om vegen vert tilbakeført vil denne transporten måtte skje med skuter.

Usikker is og auka reguleringshøgde på Holmavatnet, er derimot klart negativt. Isen på Holmavatn vert nytta til kvista skiløyper frå Bleskestadmoen og Sloaros (DNT Sør) til Holmavatn. Frå Bleskestadmoen kan vinterløypa leggast om slik at den følger sommerløypa frå Sandvatn til Holmavasshytta. Om det skal gjevast konsesjon må regulanten påleggast å bidra til etablering av slik løype, og til å dekke merkostnadene til dette. Frå Sloaros til Holmavatn er det ikkje like enkelt å etablere skiløype rundt vatnet. Både på nord- og sørsida av Holmavatn trur STF at aktuelle trasear for ei skiløype vil kunne komma i konflikt med villreintrekket. STF vil også anta at ei slik

⁹ Ibid.

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



omlegging kan komma i konflikt med grunneigarane sine interesser. Ei ny løysning for skiløype frå Sloaros til Holmavatn må avklarast før det ev. kan gjevast konsesjon.

For vurderinga av betydninga for villrein viser me til uttale frå Villreinnemnda for Setesdalområdet. Me støttar også Suldal kommune sitt krav om innhenting av meir kunnskap om betydninga av villreintrekk på Holmavatn.

Vidare vil me for omsynet til villrein peika på følgande: Det pågår no eit betydeleg arbeid med å utarbeida tiltaksplanar for betring av villreinen sine levevilkår i Setesdal- Ryfylke. STF er tungt involvert i dette, og arbeidar for ei løysning med ei betydeleg omlegging av foreininga sitt rutenett i området ved Blåsjø og Svartevassmagasinet. Dette berører i utgangspunktet ikkje rutene til og frå Holmavatn.

Det avgjerande for framtidig utvikling for villreinen er sumverknadene av alle tiltak i eit større område. Det vil difor vera eit stort paradoks dersom friluftsiinteresser og allmenhetens tilgang skal avgrensast for å betra villreinens trekkmoglegheiter i sør, samstundes som det vert gjeve løyve til å bygga nye omfattande hinder for villreinentrekket i nord. Ei slik løysning vil svekka legitimiteten til heile prosessen med kvalitetsnorm for villrein, og gjera det vanskelegare å få oppslutning om tilpassingar frå friluftsansisasjonar og andre samfunnsinteresser.

Spesielt gjeld dette ettersom inngrepa planleggast i eit verneområde (biotopvern). Etter det me har forstått er det praksis å ikkje tillata ny kraftutbygging i verneområda. Ein slik tillatelse vil kunne gje negative presedensverknader og skapa usikkerheit om betydninga av vernet. Me kan difor ikkje støtta forslaget om å auka reguleringshøgda på Holmavatn, eller pumpekraftverket i den grad det skulle medføra usikker is på ein større del av Holmavatn.

Nærare om verknaden av auka reguleringshøgde og usikker is på Holmavatn

Frå STF sin ståstad er utbygginga generelt ikkje problematisk, men auka reguleringshøgde og potensielt usikker is på Holmavatn er svært negativt for natur og friluftsliv.

Auka reguleringshøyde vil forsterka eit allereie stort inngrep i landskapet, som er negativt for opplevelsesverdien og friluftsiinteressene i eit viktig friluftslivsområde.

For framkommelegheita i området er det først og fremst isforholda som er avgjerande, både for friluftsfersdel og for villreinentrekket. Isforholda ventast etter det me forstår å verte vesentlig svekka som ein kombinasjon av auka reguleringshøgde og pumpekraftverk.

For det første vil isforholda erfaringsmessig bli påverka av utløpet der varmare vatn pumpast opp og vert sirkulert i Holmavatnet. Dette er planlagt i ein smal kile i Naustdalen. Regulanten bør påleggast å gjere berekningar på kor langt ut på Holmavatnet ein kan forventast ope vatn og usikker is gjennom vintersesongen. Dette må gjerast under gjevne føresetnader om kor mykje pumpekraftverket er i bruk, og ut frå varierende temperaturforhold og forventast klimaendringar. Det er spesielt bekymringsverdig at fremtidige mildare vintrar vil leie til auka tilsig i

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



Kvanndalsfoss, og derved drift på pumpekraftverket, på samme tid som isen kan svekkast pga mildare vær.

Videre vil isen bli svekka når vannstanden løftast etter at den første isen har lagt seg, og den vil bli svekka når det tappast mykje ned.

Det er ikkje tilfredsstillande for verken villreinomsyn eller omsyn til friluftsiinteressene at ein så viktig faktor er så usikker som det framgår av konsesjonssøknaden. Me forstår at framtidig køyring av magasinane vert påverka av utviklinga av kraftprisar, klimaendringar og ei rekke eksterne faktorar. Nettopp fordi dette i utgangspunktet er så usikkert, må omsynet til både villrein og friluftsliv ivaretakast ved at regulanten vert pålagt å ivareta isforholda uansett skiftande føresetnader.

Istilhøva kan sikrast gjennom eit reguleringsreglement som avgrensar adgangen til køyring av pumpekraftverket frå desember til mai. Me er likevel opne for at det kan vera mogleg å finna meir fleksible ordningar som sikrar farbar is, samtidig som regulanten for eksempel kan utnytte kortsiktige svingningar i straumprisane til å køyre pumpekraftverk og produksjon med korte intervall som i liten grad påverkar vannstanden og gjennomstrøyminga. Dette kan då løysast ved at det vert stilt funksjonelle krav om ivaretaking av istilhøva gjennom heile vinteren. For friluftsliv kan det ivaretakast ved at regulanten opprettheld ei kvista løype over vatnet, og ikkje tillatast å køyre magasinet på ein måte som gjer ferdsel langs ei slik løype usikker. For villrein må det vera eit krav at isen aldri løftast så mykje at det vert opne råk langs land.

Fordi istilhøva er så viktig for både villrein og ferdsel, og fordi det i utgangspunktet er så vanskeleg å forutsjå, må det stillast juridisk bindande krav i ein evt. konsesjon som sikrar trygg is frå medio desember til medio mai.

Dersom ein let vera å senka LRV på Holmavatn ytterlegare, og dersom regulanten forpliktast til å køyre pumpekraftverket på ein måte som ivaretek istilhøva, vil ikkje STF ha innvendingar mot denne delen av prosjektet.

Merknader, vestre del

Valldalen og nærliggande hytte- og rutenett

Valldalen er kartlagt som eit «svært viktig» friluftslivsområde, og den er innfallsport til Hardangervidda nasjonalpark. DNT meiner verdien i dalen må vektast høgt når NVE skal revidera vilkåra, og vurdera nye konsesjonar i området. DNT vil også minna NVE om det enorme inngrepet oppdemminga av stølsområdet og utfartsområdet, Valldalen, var i ein historisk kontekst. Her var det før utbygginga utstrakt turistbruk, beitebruk og støling, og det er ingen tvil om at verknadene av neddemminga har vore dramatiske. Å sikre framtidig bruk av dalen må vera ein viktig del av revisjonen som skal oppdatera gamle og lite miljøvenlege vilkår.

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



Litlos Turisthytte vert drive av DNT Oslo og Omegn (DNT-O) og ligg i vakker vestlandsnatur med fantastiske mogeligheter for flotte turar på ski og til fots. Erfarne fjellfolk kjem gjerne hit både i vinter- og sommarsesongen. Hytta vart bygga alt i 1922 og har vore betjent sidan 30-talet. Hytta ligg lange marsjar unna veg, og har i seinare år hatt ein svak nedgang i besøk. I det pågåande villreinarbeidet er det eit uttalt mål å redusera trafikken som kryssar vidda, og DNT-O ventar at dette fører til at Valldalen vil verte ein endå viktigare innfallspørt til Litlos i åra som kjem. Valldalen er også viktigaste innfallspørt til Middalsbu, ei sjølvbetent hytte, drive av DNT-O. Det er difor viktig at tilkomst i Valldalen vert sikra i den pågåande revisjons og O/U saka.

Verknadene av regulering i Valldalen – og løysingar for friluftslivet

Valldalsmagasinet er ei viktig ferdselsåre vinterstid for DNT-O og våre gjester. Magasinet vert nytta til transport og som ferdselsåre for gjester som skal inn til Middalsbu og Litlos. I seinare år har istilhøva vorte dårlegare, med periodar med utrygg is og mykje overvatn. Dette vanskeleggjer varetransporten inn til Litlos, Middalsbu, Hellevassbu og Tyssevassbu, som føregår frå siste halvdel av februar til om lag ei veke etter påske. Som eit resultat av dette må vår varetransport ofte gå med helikopter eller via den merka vinterruta over Tjørnastølskaret. Her er det rasfare i utsette periodar, og ein må høgt opp i terrenget – om lag 1100moh – eit område som ofte er værhardt og utsett for vind og snødriv.

Dette problemet råkar også våre gjester, som må legga skituren over denne høgda. Ruta som per i dag er vintermerka er over 34km lang, og har ein bratt stigning forbi Valldalsvatnet. Ruta vert heller ikkje merka før det er utrygg is på Valldalsvatnet. Den harde ruta resulterer gjerne i at mange gjester avstår frå vitje Litlos når isen ikkje er trygg. Dei som likevel tek turen tek stundom sjansar og prøver å gå langs den svært bratte vegen i den sørlege delen av vatnet. Nokre vågar seg også ut på isen i den sørlege delen av vatnet, der dei bratte sidene kring vatnet stundom gjer vatnet til einaste farbare veg.

For å sikra at Valldalsmagasinet vert ei sikker ferdselsåre er det to element som er viktig. Først av alt må det byggast vintersikker veg frå dammen i Valldalen til Grøvestølen eller Grytingsstølen. Her bør det etablerast parkering som Lyse held open i perioden 1.mars til etter påske. Den søndre delen av Valldalsmagasinet har så bratte skrentar at ferdsel på isen per i dag er einaste løysing om ein vil unngå større skredfare eller bratte stigningar inn i værutsette område.

Etter dette, lenger nord langs magasinet, vert terrenget farbart langs vatnet, og nordre del av Valldalsmagasinet, også kalla «Gamlavatnet» er farbart og trygt på land når vatnet er nedtappa og stranda er framme (ca696moh). Sjølve vegtraseen er ikkje heilt sikker for snøskred. DNT ber difor om magasinrestriksjonar som sikrar at magasinet er nedtappa til kote 696 innan 1.mars, og vidare at det ikkje vert pumpa opp vatn før etter påske.

Med denne kombinasjonen av tiltak i Valldalen vil transporten inn verte betydeleg lettare for både scooter og trakkemaskin, og DNT vil spara både pengar og utslepp. Vidare vil våre gjester velje å vitje Litlos og slik sikra ei berekraftig drift også i framtida. Sist med ikkje minst vil ei slik løysing

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



gjere ferdselen inn Valldalen tryggare, då folk slepp å velja mellom vind og rasutsette passasjar, eller utrygg is. Eit slikt tiltak vil også betra tilhøve for redningsaksjonar i fjellet. Med sikker veg og løypetilkomst inn Valldalen vil redningsgruppene kunne respondera raskare.

DNT vil også framheva at Valldalen og Valldalsmagasinet er eit betydeleg landskapselement, som er synleg frå lange avstandar på stiane og i terrenget som fører inn i nasjonalparken. Magasinet er også godt synleg frå nasjonalparken, som mellom anna er verna for å ivareta det tradisjonelle friluftslivet. Alle typar friluftsliv handlar om å oppsøke naturen for dei opplevingar ein skaper seg her (utsyn, ro, kontakt med naturmangfald), og landskapsopplevingane er difor av stor betydning for nasjonalparken. DNT er kjend med at lokalsamfunnet har spelt inn magasinrestriksjonar som tek sikte på rask fylling av magasinet opp til kote 720 moh der det skal haldast rimeleg stabilt fram til 15. september. Dette kan gje den øvste strandsona høve til å verta naturleg revegetert, og slik sett gje eit betydeleg løft til landskapskvalitetane. DNT ber NVE vurdere eit slikt vilkår med omsyn til landskapsverdiar.

Votna

Votna vert nytta til ferdsel vinterstid av lokale og regionale friluftsbukarar og gjester på Haukeliseter fjellstove. Haukeliseter fjellstove er ei betjent turisthytte drive av STF med om lag 18.500 overnattingar per år (2023). Det vert arrangert kitekurs for gjestene ved fjellstova, kvar helg frå januar til påske. I tillegg vert det helde fleire topptur- og skredkurs, og kursa er ein vesentleg del av drifta på hytta. Kitekursa er avhengig av tilstrekkeleg vind, som ein kan finna ulike stader ved ulike værtilhøve. På austavind er det låg vindstyrke på vatna kring Haukeliseter og Votna er stundom einaste gode alternativ. I tillegg føregår det skiferdsel inn Votna til den populære skituren opp til Fjetlandsnuten, og turen opp til Blåbergnuten kryssar det austlege innløpet til Votna.

Vatnet vil også kunne verte ei trekkroute for villreinen dersom ein i framtida skal reetablere ei trekkroute mellom Hardangervidda og Setesdal-Ryfylke-villreinområder.

Grunna dei bratte fjellsidene som omgjev vatnet og terrenget i området, er det vanskeleg å finna alternative ferdselsruter. Ei pumpe- og effektkøyring som gjev opp mot 4 meter variasjon i vannstand per døgn vil truleg gjere all ferdsle på vatnet umogeleg. DNT ber difor NVE vurdere å avgrensa pumpingkøyringa etter islegging. Det vil seie eit pålegg som sikrar farbar is i perioden januar til påske.

Avslutning

Eksisterande kraftanlegg og søknaden om opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal representerer svært store naturinngrep. DNT ser også samfunnsnyttan av både eksisterande og omsøkt anlegg, og håper NVE vil nytta høyringa til å balansera omsynet til natur og tilgjengeleg

DNT Oslo og Omegn



Den Norske Turistforening



Bergen og Hordaland Turlag



Stavanger Turistforening



kraft på eit vis som sikrar at ein kjem ut av prosessen med betydelege miljøforbetringar i og kring vassdraga i Røldal og Suldal.

DNT vil her minna NVE om at klimaendringane har gjeve ei auke i energitilsig tilsvarande 10TWh sidan 60-talet, og dette er venta å auke vidare i tiåra som kjem. NVE¹⁰ har vist at vasskraftverka i Noreg, som følge av endra klima kan venta 8TWh auka produksjon i åra fram mot 2100. DNT meiner difor NVE må sjå krafttapet frå magasinrestriksjonar og auka minstevassføring i relasjon til kraftgevinsten som kjem av klimaendringar.

DNT vil også be om at synfaring må skje i eit tidsrom der deltakarane får eit realistisk inntrykk av verknadene av reguleringa og dei skader og ulemper desse har påført miljøet og brukarar. Vinter og vår vil vera tider då viktige verknader kan sjåast.

Med helsing

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag

Siren Juliussen
Rådgjevar, naturforvaltning
Den Norske Turistforening

Preben Falck
Daglig leder
Stavanger Turistforening

Jan Erik Reiten
Avdelingsleder eiendom, natur og infrastruktur
DNT Oslo og Omegn

¹⁰ NVE rapport nr 50-2019